

**Kloringa av vatnet er over**

03.09.2010

**Kloringa av vatnet som vart sett i gang som eit beredskapstiltak sist laurdag er no avslutta.****Kloren vil vera ute av vatnet i morgon, opplyser vassverkleiar Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no**

Det var store nedbørmender og forureining av vatnet som førte til at det kom eit beskjedent innslag av colibakteriar i vatnet i inntaket i Eikedalen og difor vart det sett i gang med kloring.

Før kloringa starta laurdag vart det gjennomført prøver.

Resultatet låg føre tysdag og viste ingen bakteriar.

Onsdag vart det føreteke nye prøver og dei viste rimelegvis heller ingen bakteriar.

Kjærland konstaterer at kloringa har fungert perfekt og at ein er godt rusta til slike tiltak hvis det skulle bli behov for dei ein annan gong.

Av Ola Matti Mathisen